

Radøy kommune

Utforming av

Kommunal planstrategi 2012-2016

Utfordringsdokument

Vedlegg til planstrategien

Innleiing

I samband med utarbeiding av kommunal planstrategi for Radøy kommune vil vi i dette utfordringsdokumentet prøva å kartleggje kommunen sine sterke og svake sider, moglegheiter og utfordringar. Som følgje av denne kartlegginga vil ein sette opp framlegg til prioriteringar, og desse prioriteringane vil kunne vere grunnlag for diskusjonar om kommunen sine strategiske val.

Planstrategien skal evaluerast og eventuelt rullerast ein gong kvar valperiode.

Planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

PLAN- OG BYGNINGSLOVEN (pbl) § 10-1 Kommunal planstrategi

Kartlegging av kommunen sine sterke og svake sider, moglegheiter og utfordringar

Sterke sider

Kultur

Radøy kommune vil vere ein kulturkommune. Kommunen har eit levande kulturliv med musikk, kunst og opplevingar. Kystkulturen er levande og bidreg til folks kjensle av å høyra til i landskapet her. Øya har flott kulturlandskap og det er mange vakre og verneverdige kulturminne i Radøy, særleg steingardar og steinløe. Ved å ta vare på desse kan vår felles historie og kulturarv formidlast til både borna våre, skuleelevar, turistar og andre interesserte. Radøy kommune har fleire attraksjonar med Tjorehagen og Vestnorsk utvandringssenter som dei mest besøkte.

Landbruk

Kulturlandskapet er halde i hevd av eit aktivt landbruk. Det er små einingar med husdyr som har prega landbruket og bøndene har ofte hatt anna arbeid ved sidan av. Landbruket på Radøy er ei viktig næring og produksjonen er stor når ein samanliknar med andre kommunar på Vestlandet.

Natur

Frå nordvest til søraust er det rader som formar landskapet. Radene syner i landskapet som haugar og dalar. Valmark er eit ord som er nytta lokalt

om graskledd ås. Landskapet er likevel relativt flatt og ope med høg himmel. Kommunen har store samanhengande grønne område med skog og myr innimellom det kultiverte landbrukslandskapet. Det gjev rom for mange ulike artar og stort biologisk mangfald. Naturen på Radøy er rik på kontrastar, frå frodig skogsterreng til myrar, vatn og forblåste lyngområde. I nordvest er det øylandskap prega av kystlynghei.

Sjø

Radøy kommune er omgjeve av sjø på nær sagt alle kantar. Dette gjev ein unik tilgang til sjø som rekreasjonsareal for dei fleste som bur på øya. Mange lune vågar og viker gjev trygge småbåthamner, og båtsport med fiske og badeliv har mange entusiastar. Sjøareala og tilgang til sjø er og viktig for næringsliv på øya. Fleire verksemder på Radøy er avhengige av si lokalisering til kai og sjø. Tradisjonelt er fleire verksemder knytt til marine og maritime næringar, fiske og verftsindustri.

Friluftsliv

Flott natur og nærleik til sjø gjer at Radøy har eit godt utgangspunkt for at folk kan ha eit aktivt friluftsliv. Vil du opp på ein topp for å nyta utsikten, gå ein tur i skogen eller i fjæra har ein mange moglegheiter. Nokre område er og tilrettelagde og tilgjengeleg for funksjonshemma. Radøy har fleire idrettsanlegg, symjehall og fotballbaner.

Organisasjonsliv

Kulturlivet på Radøy er rikt og variert. Meir enn 100 lag, organisasjonar og mange eldsjeler står for hovudtyngda av kulturaktivitetane. Idretten organiserer og aktiviserer mange radværingar og tilreisande. Radøy er kjent for alle sine korps og band. Det er fleire kor på øya og folk samlast i sogelag og bygdelag. Aktivitetane femner om musikk, song og idrett, åndelege og frilyndte lag, ivaretaking av kulturminner, kultur- og kystsogedagar, festivalar og kunstnarlege uttrykksformer.

Dugnadsånd

I bygdene på Radøy har folk utført mykje arbeid på dugnad. Det er bygd fleire samfunnshus og anlegg for fellesskapet. Drift og vedlikehald vert framleis utført av grendalag og folk på friviljug basis.

Nær Bergen

Radøy ligg i nær avstand til Bergen og mange ser det som eit pluss å bu på landet, men samstundes ikkje ha for lang veg til byen med alle dei tilbod som finnast der.

Godt tilbod til barn og unge

Radøy kommune har fokus på å ha gode oppvekstvilkår for born og unge. I kommunen er det fire barneskular og ein felles ungdomsskule for heile kommunen. Denne skulestrukturen ser ut til å vere fornuftig og Radøy kommune har låge utgifter per elev samanlikna med mange andre kommunar.

Musikk- og kulturskolen gjev tilbod i 3 av skulekrinsane innafor musikk for born frå 3 år og oppover. Skulen har eit kunsttilbod på Hordabø. Alle kurs og tilbod er tilgjengeleg for alle born i Radøy kommune og alle må søkja om plass på lik linje.

Manger folkehøgskule er eigd og vert drive av Hordaland fylkeskommune. Skulen har liner for friluftsliv knytt til sjø, folkedans, lyd og musikk.

Det er ikkje vidaregåande skule i Radøy kommune, men dei næraste skulene er ikkje langt unna. Dei fleste ungdomane bur heime og pendlar til Austrheim eller Knarvik.

Radøy kommune har for tida fire kommunale barnehagar. Sæbø barnehage har heildagstilbod til barn mellom 1 og 6 år. Prestmarka barnehage er plassert i Manger sentrum og har heildagstilbod til barn mellom 1 og 6 år. Bø barnehage har heildagstilbod til barn mellom 1 og 6 år. Austebygd barnehage har tilbod fem dagar i veka til barn mellom 2 og 6 år. I tillegg har kommunen ein filial på Dale som vert nytta etter behov.

Arbeid med "Ungdomens hus" er sett i gong og vil verta ein plass å treffast etter skuletid.

Helse og omsorg

Radøy kommune yter tenester til innbyggjarar i alle aldrar, og i alle fasar av livet. Tenestene omfattar både helsefremjande og førebyggjande tiltak, og omsorg og pleie når behovet for dette melder seg. Kommunen tilbyr tenester innan fysioterapi, butilbod, heimehjelp, rusomsorg og psykiske helse. Radøy kommune har eit vel fungerande legesenter med stabilt helsepersonell og legar.

Bustadkommune

Radøy har ein stor og variert jobbmarknad i dagpendlar avstand. Dette saman med gode kvalitetar for aktivt friluftsliv, godt tenestetilbod og fine bustadområde gjer Radøy til ein attraktiv bustadkommune.

Marine næringar

Radøy har tradisjonelt hatt sterke marine næringar og det er framleis gode verksemdar både på produksjon av råvare og foredla vare av fisk.

Svake sider

Infrastruktur

Vegane på Radøy er mange stader smale og i dårleg stand, og det kunne ha vore langt betre forhold for gåande og syklande. Smale og dårlege vegar er veldig utfordrande for næringslivet.

Nedbygging av landbruket

Den nasjonale landbrukspolitikken byggjar opp under store bruk og rasjonalisering. Bruksstrukturen på Radøy er prega av små einingar og fell utafør satsingsområda til dei nasjonale styresmaktane. Færre gardbrukarar enn tidlegare ynskjer å investere i driftsbygningar og utstyr når landbruksdrifta berre er attåt heiltidsjobb utafør garden. Nye krav i frå styresmaktane til utforming av husdyrrom er dyrt å møte når drifta vert ulønnsam. Færre aktive bønder betyr og færre dyr på beite og dårlegare drift av jorda og kulturlandskapet.

Grisgrendt

Utover tettstadane er befolkninga spreidd over relativt store avstandar. Kollektivtrafikken er dårleg utbygt og har lav frekvens av avgangar og det fører til at aktivitetane vert avhengige av bilbasert transport.

Handelslekkasje til Bergen/Knarvik/Austrheim

Mange reisar ut av kommunen for å handle eller nytta kulturtilbod og andre tilbod. Radøy har eit for dårleg tilbod av forretningar.

Næringsutvikling

Radøy har hatt ein tendens til avvikling av tradisjonelle selskap som har eksistert lenge. Radøy har få såkalla "kompetansearbeidsplassar" noko som burde vere mogeleg med dagens IT-løysingar.

Få møteplassar

I dag er det få plassar folk kan kome til "berre for å treffa folk". Folk møtast tilfeldig på butikken og ved ulike tenestetilbod og arrangement. Ungdomen har biblioteket, ungdomsklubb, kinoen og tilfeldige møteplassar ute, men manglar ein plass å treffast etter skuletid. Det er for tida berre ein uteplass der folk kan møtast på kveldstid.

Stram kommuneøkonomi

Radøy kommune har ein stram økonomi og dette gjev ikkje rom for mange nye, store tiltak.

Moglegheiter

Vekst i folketal

Det er forventet folketalsvekst i Nordhordland og det vil og bety vekst på Radøy. Fleire folk i kommunen vil skape grunnlag for auka vekst. Vekst i inntekter og aktivitet, men dette vil og sjølvstøtt føre til auka behov for tenester og tilbod, både private og kommunale. Vekst i folketal vil mest sannsynleg skape optimisme og blant dei som bur her frå før. Det vil igjen kunne skape fleire tilbod innan tenesteytande næringer.

Næringsutvikling og auke i tal arbeidsplassar i regionen

Fleire bedrifter i regionen gjer det for tida veldig bra og ny aktivitet fører til fleire arbeidsplassar. Vi har sett ein positiv trend i auka etableringar i

Olsvollstranda samt nokre sterke aktørar som veks og gjer det bra. Mange vil gjerne bu nær arbeid og det kan føre til auke i folketal og på Radøy.

Reiseliv

Auka aktivitet innan reiseliv vil skape aktivitet og for lokalbefolkning. Innbyggjarane i Radøy vil kunne få tilbod om aktivitetar som det elles ikkje vil vere grunnlag for å drive med. Auka i turistnæringa vil og kunne gje fleire arbeidsplassar i kommunen.

Areal

I kommunen er det store areal som kan nyttast til ulike føremål. Radøy skal vere den grønne øya, men det er stort potensiale for fortetting av hus i bustadområde og auka utnytting innan areal sett til andre føremål. Det er potensiale i nye næringsområde.

Interkommunalt arbeid

Radøy er ein liten kommune i region og samarbeidar godt med dei andre kommunane i Nordhordland.

Utfordringar

Få arbeidsplassar

Tradisjonelt sett er Radøy ein jordbrukskommune og anna næringsaktivitet har vore lokalisert i nabokommunane. Det er difor få arbeidsplassar innan andre yrke enn service, helse og skule, og mange reiser til stader som Mongstad, Knarvik og Bergen på jobb. Nordsjøen er og ein stor arbeidsplass for folk i distriktet.

Mangel på kvalifisert arbeidskraft

Radøy opplever mangel på kvalifisert arbeidskraft. Utdanningsnivået til innbyggjarane i kommunen er lågare enn gjennomsnittet og det pregar arbeidsmarknaden her. Til tider er det og høg etterspørsel i fleire kommunar samstundes og då tapar Radøy for meir sentralt liggande stader.

Endringar i landskapet

Attgroing er ein trussel mot utvikling på Radøy. Det vil hindre folk sin ferdsel og bruk av område samt opplevinga av det opne landskapet. Auka skogareal vil føre til auka risiko for brann. Sterk vind er ein trussel mot tryggleik når trær dett ned. Kraftliner over Radøy vil vere til stor sjenanse for folk som bur og ferdast her, i tillegg til at det legg restriksjonar på bruken av områda nær traseen.

Miljø

Miljøet er sårbart og oppblomstring av algar i vatn og vassdrag forringar Radøy og naturen her. Forureining er eit aukande problem på grunn av meir aktivitet, meir trafikk på land og til sjøs og på vatn. Støy er ei potensiell konfliktkilde ved auka aktivitet.

Utvikling av radøysamfunnet – "rurbanisme"

Byane trekker til seg unge og ressurssterke, til studiar, jobbar og tilbod dei ikkje kan finne på landet. Nokre flyktar og i frå eit samfunn som er gjennomsiiktig og vanskeleg å vere annleis enn dei andre i. Utfordringa ligg i å få unge til å flytte tilbake til heimkommunen og til å få tilflytting av nye innbyggjarar. Utfordringa ligg mellom anna i å skape tettstader med kvalitetar som unge sett pris på. Gode, større bustadfelt nær tettstadane med fleire tenestetilbod vil sannsynleg vere med på å skape miljø for "rurbanisme".

Folkevekst og endra befolkningssamansetning

Fleire innbyggjarar vil krevje auka tilbod av kommunale tenester og det er ei utfordring å løyse på ein god måte. Befolkninga vert stadig eldre og talet eldre vil auke i framtida med dei utfordringane det vil få for helsesektoren.

Marknadsføring av Radøy

Radøy er for mange ein ukjent plass og kommunen bør marknadsføre og profilere seg betre. Gjerne som ein god stad å bu slik at ein skapar ein Radøyidentitet både hos eksisterande innbyggjarar og nye.

Framlegg til prioriteringar

Få folk til å trivast og få nye til å busette seg i kommunen!

- leggje til rette for gode møteplassar i bygdene
- stø opp frivillige organisasjonar og deira arbeid
- gode kommunale tenester
- tilstrekkeleg og attraktive barnehageplassar
- behalde 4 skulekrinsar med gode skular
- skape identitetsfølelse blant barn og unge
- leggje til rette for gode bustadområde og tomtar for ulike typar menneske
- møteplassar for 15-20 åringer
- leggje til rette for fleirkulturelle tiltak med større bredde både når det gjeldt aktivitet og målgruppe
- fritidstilbod og nærmiljøanlegg
- folkehelsesatsing
- ta vare på og utvikle utfartsområder
- sjøbasert friluftsliv må styrkjast
- fokus på betring av infrastruktur og kollektivtransport
- forhold for syklistar må betrast
- profilere og marknadsføre Radøy

Stimulere til å utvikle næringsliv og handel

- turistnæring

- tilgjengelege næringsområde
- arbeide for tettstadutvikling
- varehandel med brei butikkmix (godt utval)
- enda betre service- og tenestetilbod
- kommunen skal vere ein god tilretteleggjar for næringslivet

Kommunen skal ha eit levande landbruk

- stelt kulturlandskap
- aktivt jordbruk
- klyngjetun

Aktivt kulturarbeid

- Kulturplanen skal vere i aktiv bruk og synleggjere at kommunen skal satsa på kultur og stø opp under tiltak.